

Møtebok FR 11. juni 2026

Råd/utval: Stord kyrkjelege fellesråd.
Tid: Torsdag 11. juni 2026 kl. 17:00
Opningsord: Jørgen
Stad: Kyrjekontoret i Sæ 21.

TIL STADES: Dag Sele (Stord), Leif Steinar Alvsvåg (vara Stord), Tormod Stautland (Nysæter), Heine Kaldefoss (Nysæter), Jørgen Knudsen (geisteleg repr), Tom Knudsen (kommunal representant) og Liv Kari Bru (kyrkjevevje/dagleg leiar).

FRÅVER: Knut Gram (Stord)

Saksliste

Saksnr.	A.kode	Sak tittel
---------	--------	------------

2026/14 012.1 Godkjenning av innkalling og saksliste.

Godkjent uten merknader.

Samrøysta vedteke.

2026/15 012.1 Godkjenning av møtebok frå fellesrådsmøte 9.april 2026.

Godkjent uten merknader.

Samrøysta vedteke.

2026/16 133 Driftsrekneskap 2025 etter revisjon. Plassering av overskot.

Stord kyrkjelege fellesråd tek driftrekneskapet for 2025 til vitande.

Mindreforbruket (overskotet) vert disponert slik:

- På bunde fond for kyrkjeleg undervisning og læring (KUL) kr. 818 101,09
- På ubunde driftsfond kr. 984 902,27
- Stord kyrkjelege fellesråd ynskjer ein gjennomgang av kva fond me har, og ei vurdering mtp endring av disponeringa av desse.
- Stord kyrkjelege fellesråd ber kyrkjevevja undersøkje korleis avkastninga av fonda er mtp renter.

Stord kyrkjelege fellesråd ser med bekymring på at vakanse i stillingar har ført til eit stort underforbruk, og ynskjer å ha eit fortsatt fokus på bemanninga framover.

Fellesrådet har fleire spørsmål knytta til fondsavsetning og forvaltninga av desse, og ber kyrkjevevja innhenta meir informasjon om desse.

Førebels driftsresultat for 2025 vert ellers teke til vitande.

Samrøysta vedteke.

- 2026/17 046 Godkjenning av årsrapport for Stord kyrkjelege fellesråd 2025.**
Stord kyrkjelege fellesråd godkjenner årsrapporten for 2025 med dei merknadar og tillegg som kom fram på møtet.
Samrøysta vedteke.
- 2026/18 113 Økonomirapport pr. 30.04.2026**
Økonomirapporten pr. 30.04.2026 vart teke til vitande.
Fellesrådet ber om at straumforbruket vert fulgt opp månad for månad, og ynskjer at oppdatert månadleg forbruk vert framlagt i neste fellesrådsmøte.
Samrøysta vedteke.
- 2026/19 112 Revidert budsjett 2026**
Revidert driftsbudsjett for 2026 vert vedteke.
Samrøysta vedteke.
- 2026/20 029 Sommarfullmakt til AU 2026**
Stord kyrkjelege fellesråd gir arbeidsutvalet (AU) fullmakt til å gjera vedtak på vegne av rådet i sommarferien, avgrensa til saker som fellesrådet etter gjeldande lover og reglar har høve til å delegera.
Vedtaka skal leggjast fram for fellesrådet i første møte etter sommarferien
Samrøysta vedteke.

Referat, meldingar, orienteringar:


- Informasjonssak: Orgel Stord kyrkje.
- Nytt frå Stord Sokneråd v/ Leif Steinar & Dag
 - Soknerådet er opptekne av «indre rehabilitering» av Stord kyrkje. Vil oppretta ei arbeidsgruppe der oppdraget er å fremja ei sak til kyrkjeleg fellesråd.
 - Plan for soknet.
 - Oppstart av «Her & der»
- Nytt frå Nysæter sokneråd v/ Heine & Tormod
 - Kyrkjelydsleir saman med Stord sokneråd.
 - Rekruttering av fleire kyrkjevertar.
 - Gudstenesteplan, økonomiplan.
 - Evaluering av dei utandørs gudstenestene.
 - 17.-mai frukost
 - Årshjul.
 - Samtale om nytt piano.
 - Knefallet i Nysæter er svært slete. Sak til fellesrådet.
 - Hekken ved minnestøtta bør friserast.
- Referat frå Kyrkjestova Fredheim v/ Dag
 - Arbeider for å få ny giv i gjevartenesta.
- Nytt frå komiteen som arbeider med kyrkjelydshus v/ Dag
- Ikkje noko nytt denne gongen.

- Nytt frå staben:
 - Staben skal på sommartur til Skudeneshavn 17. juni.
 - Orientering om ferieplanar og reduserte opningstider ved kyrkjekontoret.
- Nytt frå gravplassane.
 - Nytt felt (byggetrinn II) står ferdig på Frugarden. Dette feltet kan takast i bruk nov. 2026. Resten av gravplassen er klar til bruk hausten 2027.

Møteleiar avgjer om saker som vert meldt etter innkallinga er utsend skal handsamast, så sant ikkje minst 1/3 av medlemene motset seg det. Saker kan utsetjast ved vanleg fleirtalsrøysting.

Stord 11. juni 2026.
For Stord kyrkjelege fellesråd

Dag Sele
Leiar



Liv Kari Bru
Kyrkjeverje/dagleg leiar

**Neste møte i fellesrådet er
16.september 2026 kl. 17:00**